



Kvituren legg til i Uskedalen og Kåre K. Rød tek i mot. (Foto. Ola Matti Mathisen)

**Ein ny og sikkert spanande båtsesong nærmer seg også i Uskedalen. Eit klart varsel om det vart registrert torsdag, då Collin Archer-skøyta Kvituren kom frå vinteropplag på Husnes og la til ved den nye bølgebrytaren.**

Kvar den staselege båten skal leggja kursen denne sesongen er ikkje avgjort, opplyste eigar Terje Rød.

Ellers ligg det an til eit "vaktskifte" i båthamna denne sesongen. Leon Gundersen har takka for seg som hamnevert og den nye leiar Frode Ludvigsen opplyser at dei enno ikkje har klart å finne etterfølgjaren hans. Men Ludvigsen er svært åpen for gode forslag. Birger Myklebust er villig til å assistera og ta eit tak framleis, opplyser han til uskedalen.no.